

Vedlegg: Dokumentasjon av utrekning av ferjeavløysingsmidlar

Dette vedlegget omtaler prinsippa for utrekning av ferjeavløysingsmidlar og viser tala som er brukte til å rekne ut ferjeavløysingsmidlar for Atløysambandet.

Om inntektssystemet

Inntektssystemet er eit system for fordeling av dei frie inntektene mellom fylkeskommunane. Dei frie inntektene består av rammetilskot frå staten og fylkeskommunanes egne skatteinntekter. Inntektssystemet er sett saman av fleire element, mellom anna ei utgiftsutjamning som skal kompensere fylkeskommunane for ufrivillige variasjonar i utgiftsbehovet.

Utgiftsutjamninga skjer i praksis gjennom kostnadsnøkkelen, som er sett saman av ulike kriterium med tilhøyrande vektorer. Gjennom kostnadsnøkkelen, og eit oppdatert sett med kriteriedata, blir utgiftsbehovet for kvar einskild fylkeskommune rekna ut. Etter det blir rammetilskotet fordelt om mellom fylkeskommunane etter det berekna utgiftsbehovet. Utgiftsutjamninga er ei rein omfordeling: det som blir trekt inn frå fylkeskommunar med eit utgiftsbehov *under* landsgjennomsnittet, blir delt ut att til fylkeskommunar med eit utgiftsbehov *over* landsgjennomsnittet.

Kostnadsnøkkelen for fylkeskommunane består av delkostnadsnøklar for vidaregåande opplæring, kollektivtransport, fylkesvegar og tannhelsetenesta. Sjå innleiinga til Grønt hefte¹ for ein nærare omtale av inntektssystemet.

Prinsipp for utrekning av ferjeavløysingsmidlar

Storleiken på ferjeavløysingsmidlane blir rekna ut på bakgrunn av reduksjon i tilskot gjennom inntektssystemet når eit ferjesamband blir avløyst eller korta inn av ei bru eller ein tunnel. Reduksjonen blir berekna som nettoeffekten av å endre kriteriedata i utgiftsutjamninga i inntektssystemet (jf. punkt 5.1 og 5.2 i retningslinene²).

Eit ferjeavløysingsprosjekt fører til endringar i kriteriedata for ferje og for fylkesveg. Avløysing eller innkorting av eit ferjesamband vil gi ein lågare verdi på kriteriet «normerte ferjekostnader», mens det nye vegnettet vil gi auka verdi på kriteriet «vedlikehaldsbehov fylkesveg». Ferjeavløysingsmidlane blir altså rekna ut som nettoeffekten i utgiftsutjamninga av desse endringane.

Kor stor effekt ei endring på éi eining i kriteriedata vil ha i kroner i utgiftsutjamninga, vil variere frå år til år. Effekten av avhengig av storleiken på beløpet som blir fordelt om etter samla kostnadsnøkkel (samla utgiftsbehov), kor stor vekt dei einskilde kriteria har i kostnadsnøkkelen³, og summen av kriterieverdien for dei aktuelle kriteria for heile landet sett under eitt.

¹ www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommuneokonomi/gront-hefte/id547024/

² www.regjeringen.no/no/dokumenter/retningslinjer-for-alternativ-bruk-av-ferjetilskot-for-fylkesvegferjer/id2500238/

³ Vekten til det einskilde kriteriet blir justert årleg på bakgrunn av endringar i sektorvektene, sjå Grønt hefte 2023, side 8.

I inntektssystemet for 2023 er samla utgiftsbehov som blir fordelt om etter kostnadsnøkkelen på 72 579,2 mill. kroner. Kriteriet normerte ferjekostnader har ei vekt på 0,0506, og delen av utgiftskriteriet er dermed på 3 672,5 mill. kroner (sjå Grønt hefte 2023 side 8). Summen av dei normerte ferjekostnadene for alle fylkeskommunar er på 2 417,7 mill. kroner (jf. tabell E-fk i Grønt hefte), og 1 mill. kroner i normerte ferjekostnader utløyser dermed om lag 1,519 mill. kroner i utgiftsutjamninga i 2023 ($3\,672,5 / 2\,417,7 = 1,519$). Beløpet som blir utløyst av vedlikehaldsbehovet blir rekna ut på same måte.

Nærare om kriteriedata

Kriteriet «normerte ferjekostnader» blir rekna ut for kvart einiskild ferjesamband med utgangspunkt i ein modell presentert i rapporten *Utgiftsbehov til ferjer og hurtigbåter* (Svendsen et al. 2017)⁴, med nokre justeringar. Justeringane er omtalt i vedlegg 3 til høyringsnotatet om nytt inntektssystem for fylkeskommunane⁵. Kriteriet blir rekna ut med utgangspunkt i mellom anna trafikkmengde, strekningslengde og type farvatn for kvart einiskild ferjesamband.

Vedlikehaldsbehovet for fylkesveg er rekna ut med utgangspunkt i ein modell utarbeid av ViaNova, presentert i rapporten *Forslag til ny modell for beregning av kriteriet for fylkesveg i inntektssystemet for fylkeskommunene*⁶, oppdatert med grunnlagsdata frå Statens vegvesen om vegnettet.

Utrekning av årleg beløp med ferjeavløysingsmidlar for Atløysambandet

I inntektssystemet 2023 har ferjesambandet Askvoll–Gjervik ein kriterieverdi på om lag 11,9 mill. kroner. Vegprosjektet vil dermed gi ein samla reduksjon i dei normerte ferjekostnadene på 11,9 mill. kroner for Vestland. I inntektssystemet for 2023 ville det gitt ein reduksjon i utgiftsutjamninga på 18,1 mill. kroner⁷.

Vegprosjektet vil auke tala for vedlikehaldsbehovet på vegnettet, etter ViaNovas modell, med om lag 3,3 mill. kroner. I inntektssystemet for 2023 svarer endringane i tala for vedlikehaldsbehovet til ein auke på om lag 3,8 mill. kroner i utgiftsutjamninga.

Til saman gir dette ein nettoeffekt i utgiftsutjamninga på -14,3 mill. kroner ut ifrå inntektssystemet i 2023.

Midlar til gratis ferje er ikkje ein del av utgiftsutjamninga i inntektssystemet for 2023, men er fordelt med ei særskilt fordeling utanfor utgiftsutjamninga, basert på tapte inntekter i den einiskilde fylkeskommune ved å innføre tiltaket. Frå 2024 blir midlar til gratis ferje innlemma i

⁴ Svendsen, Hilde J., Falko Müller, Harald Thune-Larsen og Svein Bråthen (2017): *Utgiftsbehov til ferjer og hurtigbåter: Utrekning av fylkeskommunale forskjeller*. Rapport nr. 1701, Møreforskning Molde.

⁵ Høyringsnotatet er publisert på denne nettstaden: www.regjeringen.no/id2622524/

⁶ Holden, Åsmund, Tor Erik Saltnes og Torgeir Leland (2021): *Forslag til ny modell for beregning av kriteriet for fylkesveg i inntektssystemet for fylkeskommunene*. Rapport. Vianova.

⁷ Kriterieverdien for normerte ferjekostnader er altså ikkje identisk med beløpet som ferjekriteriet utløyser i inntektssystemet, jf. siste avsnitt under «Prinsipp for utrekning av ferjeavløysingsmidlar». I utrekninga av ferjeavløysingsmidlar blir beløpet som blir utløyst i inntektssystemet/rammetilskotet lagt til grunn, og ikkje beløpet i normerte ferjekostnader.

ferjekriteriet, jf. Prop. 112 S (2002–2023) *Kommuneproposisjonen 2024*, og vil dermed komme med i berekninga av ferjeavløysingsmidlar. I 2023 utgjer midlar til gratis ferje knytta til ferjesambandet Askvoll–Gjervik om lag 3,5 mill. kroner. Effekten av å leggje ned ferjesambandet ville dermed vere en reduksjon på 3,5 mill. kroner. Saman med nettoeffekten i utgiftsutjamninga gir det -17,720 mill. kroner i inntektssystemet for 2023. Det årlege beløpet med ferjeavløysingsmidlar er dermed fastsett til 17,720 mill. kroner. Beløpet vil bli prisjustert med 2,5 prosent i heile utbetalingsperioden.

Tabell 1 Effekt i inntektssystemet 2023 av endringar i kriteriedata og midlar til gratis ferje pga. Atløysambandet

Kriterium	Endring i kriteriedata	Effekt i utgiftsutjamninga (1000 kr)
Normerte ferjekostnader	-11 884	-18 052
Vedlikehaldsbehov	3 254	3 789
Netto endring i utgiftsutjamninga		-14 262
Midlar til gratis ferje		-3 458
Netto endring i rammetilskotet		-17 720

Lengde på utbetalingsperioden

Det årlege beløpet i ferjeavløysingsmidlar blir betalt ut til summen av den nominelle byggekostnaden og 50 prosent av rentekostnadene er nådd, men ikkje lenger enn maksimalt 45 år (jf. punkt 5.4 i retningslinene). Meirverdiavgiftskompensasjon og eventuelle finansieringsbidrag frå bompengar blir trekte frå når departementet fastset berekningsgrunnlaget for rentekostnadene og lengda på utbetalingsperioden.

Talgrunnlaget for Atløysambandet er vist i tabell 2. Tala er henta frå finansieringsplanen til fylkeskommunen av 28. juni 2022, og rekna om til 2023-kroner med kommunal deflator frå statsbudsjettet (tala i grunnlagsdokumentet er i 2022-kroner).

Tabell 2 Utrekning av anslag på bygge- og rentekostnader som kan dekkast med ferjeavløysingsmidlar. Tal i 1000 2023-kroner.

Kostnadsoverslag for prosjektet	1 291 065
- Mva.-kompensasjon	217 770
= Byggekostnad ekskl. renter, mva. og bompenger	1 073 295
+ 50 prosent av berekna rentekostnader	380 308
= Berekningsgrunnlag for utbetalingsperiode	1 453 603

Kostnadsanslaget for prosjektet ekskl. meirverdiavgiftskompensasjon er 1 073 mill. kroner i 2023-kroner. Det er dette beløpet som er grunnlaget for utrekning av rentekostnader som

kan dekkast gjennom ordninga. Rentenivået i utrekningane er den same kalkylerenta som blir nytta til utrekninga av sjølvkost av kommunale tenester (jf. punkt 5.5 i retningslinene). Kalkylerenta er meint å reflektere rentekostnadene i kommunesektoren, og blir mellom anna publisert på nettsidene til Kommunalbanken⁸. Kalkylerenta for 2022 var 3,536 prosent. I utrekningane blir det vidare lagt til grunn eit serielån med ein låneperiode på 40 år med 12 avdrag per år. Eit lån på 1 073 mill. kroner vil, med desse vilkåra, gi ein samla rentekostnad på om lag 380 mill. kroner. Vi kan dermed anslå dei samla, nominelle kostnadene som kan dekkast gjennom ordninga til om lag 1 454 mill. kroner. Vi presiserer at dette er eit anslag ut ifrå rentenivået i 2022, og at endringar i rentene kan påverke det samla beløpet som blir utbetalt.

Vestland fylkeskommune vil få utbetalt 17,720 mill. kroner årleg i ferjeavløysingsmidlar for prosjektet, og dette beløpet vil bli prisjustert med 2,5 prosent kvart år i heile utbetalingsperioden. Etter 45 år vil den samla nominelle utbetalinga summere seg til anslagsvis 1,444 mill. kroner. Departementet anslår dermed utbetalingsperioden til om lag 45 år, men dette kan endre seg med endringar i rentenivået. Sida det blir nytta eit flytande rentenivå i utrekninga, kan departementet ikkje fastsette lengda på utbetalingsperioden på førehand i dette prosjektet. Kalkylerenta som er nytta i utrekningane blir oppdatert kvart år.

⁸ Kalkylerenta som blir nytta er ei femårig swaprente med eit tillegg på 0,5 prosentpoeng. Sjå Kommunalbankens nettsider for nærare opplysningar: www.kbn.com/om-oss/nyheter/2023/kalkylerente-for-2022